

## RAPPORT – GRATIS SKULEFRUKOST 2017 (28.06.18)

- **Organisering:**
  - havregraut (i kantina) kvar dag (5 dagar/veke)
    - kl 0715 – 0800
    - kl 0845 – 0900 (Nokre elevar som kjem med ein skulebuss rekk ikkje frukosten før 1. time byrja. Difor får dei tilbod om gratis skulefrukost i første friminutt).
- **Økonomi:**
  - Tildelte midlar: kr 60 000
  - Midlane dekker kostnadane til råvarer og andre kostnader i samband med skulefrukosten (NB! då er det «kun» havregraut m/tilbehør som vert servert).
- **Deltaking:**
  - Fitjar vgs har sidan 2012 hatt tilbod om gratis skulefrukost (utgifter dekkja av eige budsjett). Dette har vore eit svært populært tilbod.
  - Ca tal på elevar som har nytta tilbodet: ca 180 elevar (totalt elevtal på skulen 240).
- **Erfaring med ordninga:**
  - Elevinspektøren gjennomførte i vår (2018) ei undersøking hos elevane om skulefrukosten. Elevane var svært nøgde med ordninga, og kom med mange gode positive verknadar av frukosten:
    - meir opplagt
    - fekk sove lengre om morgonene (slapp å ete frukost heime)
    - sosialt å sitja i kantina om morgonen saman med elevar frå andre klassar
    - fekk ein god start på dagen
    - fokus på sunn mat
    - m.m.
  - Elevane er endå meir positive våren 2018 då me utvida tilbodet til og å gjelde «smørefrukost».
  - Skulefrukosten har og vore viktig for tilsette i forhold til å møte elevane på andre arenaer enn i klasserommet. I kantina er det uformelt, og det er lett for elevar å setje seg ned for å snakka med rektor/lærarar/andre tilsette.

Med helsing  
FITJAR VIDAREGÅANDE SKULE

Leif Helge Engelsen  
rektor